


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. D. Bødker



frå kyrkjeboka



Døypte

28.06.

- Ariel Byrkjeland Nilsen
- Amalie Austgulen Aasebø
- Mari Frøland

19.07.

Vegard Steinsland Revheim (Os)



Vigde

20.06.

Svein Oldervoll Solvåg og
Siw Waage

04.07.

Magne Fjeldalen og
Ellen Høysæter

18.07.

Andreas Ølfarnes og
Marte Nytvøit

01.08.

Håvard Pedersen og
Marit Jørgensen

29.08.

Kurt Åge Trengereid og
Therese Steinsland Trengereid



Døde

20.06.

Hjalmar Roald Ervik

02.07.

Magnhild Johanne Tysse

06.07.

Otto Johan Sjursen

06.07.

Anne Marie Nilsen

11.07.

Maud Lilly Nordvik

24.07.

Inga Kulild

25.07.

Oskar Mørkve Knudsen

31.07.

Oddlaug Sævareid

08.08.

Ove Knut Revheim

10.08.

Knut Karlsen Grønstøl

12.08.

Nils Yndestad

14.08.

Olaug Mally Nordbø

28.08.

Erna Frøland

29.08.

Haldor Langeland

FARVEL AUDUN AASE - VELKOMEN DAVID VOGEL

Det var mange som ville koma med helsingar til Audun Aase, då han slutta som sokneprest i Samnanger etter 28 år. Avskilsfesten 23. august, var i grendahuset med godt over hundre gjestar, og det flotte kakebordet har alt samningen sine lesarar sett bilde av. På biletet kjem Eva Hellevang med ein blome og gode ord frå diakoninemnda, som presten har leia i årevis. Vasen han held, var ei gåve frå kommunen, - det er ein sjeldsynt ting som berre dei får som har vore tilsette i kommunen i over 25 år. Så varaordførar Brigte Olav Gåsadal var glad for å ha fått lov til å overrekkeja den til presten, sjølv om han ikkje er ein av dei kommunen lønar. Så vart det ikkje hender nok til gåvene, og varaordføraren lånar ut eit par. Feststyrar Anlaug Røen Hauge til venstre. Audun Aase vart heidra med gode ord frå m.a. tidlegare prost i Midhordland, Kåre Bakke. Han takka Audun for godt samarbeid i preste-kollegiet og drog fram Audun sine kunnskapar som heile kollegiet fekk dra nytte av. «Utan om min eigen preste-far,



er det ingen eg har lært så mykje bibelkunnskap frå, som deg, Audun!» sa han. Tilsette og tidlegare tilsette i Samnanger peika på presten sin sans for orden, og at du alltid kunne stola på at det som skulle gjerast vart gjort. Dei gav han også ros for å gje medarbeidarane sine rom og ansvar. To rosebuskar til hagen på Vikøy var gåva, men Hilde Aarvik si ekstragåve (kjøpt i Tyskland i sommar) var utan tvil den mest originale: ei kakeform med Luther sin profil, - til julebakst med barneborna! Frå soknerådet/ kyrkjelyden var det eit stort rosemåla fat og godt lesestoff.

Alt helga etter fekk dei nye konfirmantane og foreldra deira helsa på den nye presten under konfirmantpresentasjons-gudstenesta på Haga. Enno ikkje i jobb, men kome med flyttelass, ektefellen Katrine, Joel på fire og Leah på snart tre, til prestebustaden på Haga. Den 6. september vart David Vogel innsett som ny sokneprest i Samnanger, ved ei gudsteneste på Ådland der også prosten tok del. Mange var møtt fram for å ta imot han, og det var spanande for både kyrkjelyden og presten. Presten hadde m.a. fått ein nynorsk bibel i gåve på sin avskilsfest i Stads-

bygd sokn i Rissa kommune. No skulle han til å lesa på nynorsk, og læra på nytt både liturgi og fadervår! Nynorsken greidde han med glans, og me gleda oss over god tale.

Etterpå var me samla til velkomstfest med stort kakebord i kyrkja på Haga. Varaordføraren var på plass med helsing her også, og unnskyldte seg med at ingen av oss hadde nokon øving i å ta imot nye prestar, så lenge som det var sidan sist! Det kunne me skriva under på fleire, men den nye preste-familien er i alle fall hjarteleg velkomne til Samnanger.



KORPROSJEKT: SACRED CONCERT

Korprosjektet i haust vert «Kyrkjekonsert nr.2» (Sacred concert) av Duke Ellington. Det vert m.a. samarbeid med Tysse- og Nordbygda Musikklag og koret «Kilden» frå Vaksdal. Solhild Røen Hauge vert solist.

Øvingane startar i slutten av september. Viss du vil vere med og syngja, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret. Meir info finn du på heimesidene våre (sjå under).



Soknerådsleiar Anlaug Røen Hauge les opp tilsetjingsbrevet frå biskopen til den nye presten David Vogel.

Kyrkjevalet 2015

Sjå lysing annan stad i avisa. Det har også kome eit eige, lilla blad om kyrkjevalet, der du finn omtale av kandidatane. Same info kan du finna på heimesidene våre og på kyrkjevalet.no